



Fylkesmannen i Hordaland
Fiskeridirektoratet region Vest
Fiskarlaget Vest
FMC Biopolymer
Havforskningsinstituttet
Fiskeridirektoratet

Dato: 07.07.2015
Vår ref.: 2015/4419-1
Saksbehandlar: Vibeke Lokøy
Tlf: 55 23 45 91

Invitasjon til å delta i arbeidsgruppe for å revidere forskrift om hausting av tare i Hordaland

Hordaland fylkeskommune inviterer til deltaking i ei arbeidsgruppe som skal ha som mål å utarbeide eit forslag til ny forskrift om hausting av tare i Hordaland. Gjeldande forskrift J-191-2011 er gyldig til 31.august 2016.

Mandat:

Arbeidsgruppa sitt mandat er fastsett i FOR 1995-07-13 nr 642 Forskrift om høsting av tang og tare § 5, 1. ledd: «*Fiskeridirektoratet kan fastsette regionale forskrifter om hvor og når det er tillatt å høste tare i den enkelte region. Forskriftsforslag utarbeides av fylkesvise grupper, som ledes av fylkeskommunen.*»

Arbeidsgruppa skal vurdere i kva utstrekning hausting av tare kan skje i ulike stader i fylket. Det skal gjennomførast ei konkret vurdering av, og oversikt og kart over, kva for område i Hordaland fylke som bør være opne for taretråling, og kva for område som bør være stengt. Arbeidsgruppa skal i dette arbeidet ta omsyn til ulike interessekonfliktar mellom taretråling og potensielle natur- og næringsinteresser i fylket.

Arbeidsgruppa si samansetting:

Hordaland fylkeskommune vil at gruppa skal vere samansett av representantar frå fylkeskommunen, Fiskeridirektoratet Region Vest, Fylkesmannen i Hordaland, Fiskarlaget Vest, FMC Biopolymer, samt observatørar frå Fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttet.

Hordaland fylkeskommune: 2 personar

Fiskeridirektoratet region Vest: 1 person

Fylkesmannen i Hordaland: 1 person

Fiskarlaget Vest: 1 person

FMC Biopolymer: 1 person

Observatørar frå Havforskningsinstituttet og Fiskeridirektoratet

Rollefordeling:

Hordaland fylkeskommune leiar gruppa, koordinerer arbeidet og har sekretariatsfunksjon.

Fiskeridirektoratet region Vest og Fylkesmannen i Hordaland er fagmynde medan Fiskarlaget Vest og FMC Biopolymer representerer fiskerinæringer og taretrålnæringer.

Vi ber om at de utnemner representant med vararepresentant og gir tilbakemelding til Hordaland fylkeskommune v/Vibeke Lokøy, vibeke.saure.lokoy@hfk.no innan 15. august 2015.

Tidsplan:

Første møte i arbeidsgruppa vert halde i lokala til Hordaland fylkeskommune tysdag 15. september 2015.

Revidering av gjeldande forskrift vil verte lyst ut i avisar og på fylkeskommunen sine nettsider. Vi har og bede om innspel frå kommunar og ei rekke andre høyringspartar. Frist for å kome med innspel vert sett til 15. august 2015. Innspel frå høyringa vert send ut til medlemmene i arbeidsgruppa før det første møtet i gruppa.

Vi ser for oss at gruppa må samlast 2 til 3 gongar før det føreligg eit forslag til ny forskrift. Forslaget bør vere klart for oversending til Fiskeridirektoratet innan april 2016.

Gudrun Mathisen
leiar

Vibeke Saure Lokøy
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.